Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
07.04.2015
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2014/13777 542.1
Dykkar referanse
«REF»

Lerøy Vest AS

5396 Bekkjarvik

Endra utsleppsløyve for Lerøy Vest AS på lokaliteten Sagen i Samnanger kommune

---

Lerøy Vest AS får løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av sjøklar reinsefisk av rognkjeks og settefisk av laks og aure med maksimalt biomasseproduksjon på 250 tonn og årleg fôrforbruk på inntil 250 tonn og utslepp av inntil 8,75 tonn totalnitrogen, 1,0 tonn totalfosfor og 8,0 tonn organisk materiale målt som TOC. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

Berekna utslepp av næringssalter og TOC føreset reinsing utsleppsvatnet med partikkelfjerning. Det er såleis sett krav om partikkelreinsing av avløp for å kunne nytte ramma for biomasseproduksjon fullt ut. Utsleppspunktet skal følgjast opp med enkel miljøgransking annakvart år for å dokumentere at det ikkje skjer ei oppsamling av organisk materiale.

Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Fylkesmannen har regulert dei tilhøva som blir vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vi viser til søknad frå Lerøy Vest AS av 10. november 2014 oversendt frå Hordaland fylkeskommune 14. november 2014 med ettersending av uttale frå Samnanger kommune den 12. februar 2015. Kommunen hadde ingen merknad til søknaden.

Lerøy Vest AS søkjer om å legge om produksjonen i settefiskeanlegget på lokaliteten Sagen frå laks og aure til å produsere ei mindre mengd regnbogeaure og reinsefisk av rognkjeks. Søknaden frå Lerøy Vest AS gjeld for ein planlagd biomasseproduksjon som er lågare enn kva ramma for eksisterande settefiskproduksjon gjev rom for. Endring av utsleppsløyvet er gjort med utgangspunkt i eksisterande utsleppsløyve datert 17. november 2006.

Løyvet erstattar tidlegare vedtak og gjeld på dei vilkåra som følgjer vedlagt. Det er ikkje gyldig før Hordaland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Løyvet gjeld òg for utslepp frå reingjering av produksjonsutstyr og medisinering. Det er sett vilkår for handtering av fiskeavfall og anna avfall ved anlegget. Løyvet gjeld ikkje for slakting, sløying og foredling av fisk.

Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, må verksemda melde frå til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 20.

Fylkesmannen vil påpeike at negative miljøpåverknader isolert sett er uønskt. Verksemda pliktar å redusere utsleppa så langt det er mogleg utan urimelege kostnader og pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova, produktkontrollova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnt i løyvet. Vi viser til www.regelhjelp.no for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda.

Fylkesmannen har ikkje sett krav til substitusjon av kjemikalie i løyvet. Krav til substitusjon følgjer direkte av produktkontrollova § 3a.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrollova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

Vurdering

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Søknaden gjeld endring av produksjon i eksisterande settefiskanlegg for laks og aure til og å omfatte produksjon av reinsefisken rognkjeks.

Tilhøvet til plan

Produksjonsendringa skjer utan endring i arealbruk, vassuttak i vassdraget eller fysisk utforming av anlegget.

Vassdraget

Lerøy Vest AS har konsesjon for regulering og uttak av vatn frå Sagavatnet til settefiskproduksjon. Omlegging til produksjon av den marine arten rognkjeks vil føre til redusert uttak av vatn frå det regulerte vatnet.

Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv

Tiltaket fører til inga endring i høve til mogleg påverknad på laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv i området.

Sjøområdet som resipient

Lokaliteten er frå før klarert for ein produksjon av inntil 2,5 mill sjøklar settefisk av laks og aure. Denne søknaden gjeld endring av art som skal produserast. Dette endra utsleppsløyvet har sett rammer for utsleppet justert for effekt av partikkelfjerning frå utsleppsvatnet. Det endra utsleppsløyvet vil difor føre til reduserte utslepp i høve tidlegare løyve når ramma for løyvet blir nytta fullt ut.

Lokaliteten ligg i vassførekomsten Ytre Samnangerfjorden som har god økologisk tilstand.

Omlegginga av drifta frå laks og aure til hovudsakleg produksjon av rognkjeks skal gjerast innafor ramma av eksisteranse utsleppsløyve frå 2006. Generelt for landbasert verksemd er innføring av reinsekrav på utsleppsvatnet i form av krav om partikkelfjerning når utsleppet går til resipient med avgrensa kapasitet. Storleiken på utsleppet definert som TotN, TotP og TOC er rekna ut frå ein produksjon av 2,5 millionar sjøklar settefisk av laks og aure når det er nytta partikkelreinsing på utsleppsvatnet.

Produksjonen av reinsefisk vil i første omgang skje i monaleg mindre skala enn settefiskproduksjonen av laks og aure. Det er difor ikkje sett krav om reinsing frå oppstart av reinsefiskproduksjonen, men ramma for utsleppsløyvet er vidareført med endring om at storleiken på utsleppet føreset partikkelfjerning av utsleppsvatnet. Dette inneber at dersom det blir produksjonen av rognkjeks blir utvida vil reinsing av avløpsvatnet bli naudsynt.

Støy

Utsleppsløyvet (vedlagt) følgjer gjeldande regler for grenser for støy frå settefiskeanlegget. Støy frå anlegget kan vere sjenerande for naboane sjølv om verksemda helde grensene i utsleppsløyvet.

Naturmangfald

Det er ingen registreringar av utvalde naturtypar, verneområde eller raudlistearter i *Naturbase* eller *Artskart* som vil kunne kome i konflikt med settefiskanlegget på Sagen.

Kunnskapsgrunnlaget for denne avgjerda er straummålingar og resipientgranskingar gjort på lokaliteten. Kunnskapen om naturmangfaldet i våre fjordsystem er avgrensa, noko som avspeglar seg i dei databasane vi har til rådvelde. Dette inneber at det kan kome ny kunnskap som kan ha påverknad på seinare avgjerder. Grunnlaget blir vurdert som tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8.

Vi vurderer det som å vere liten risiko for at miljøet skal bli uakseptabelt negativt påverka av å utvide produksjonen i settefiskanlegget på Sagen. Fylkesmannen vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet ikkje blir gjeldande, jf. naturmangfaldlova § 9.

Den samla belastninga på resipienten som heilskap (vassførekomsten Samnangerfjorden-indre) blir uendra eller redusert. Resipientundersøkingane i vassførekomsten har synt at resipienten ikkje er uakseptabelt påverka av oppdrettsaktiviteten i området, jf. § 10 i naturmangfaldlova.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Lerøy Vest AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT), jf. naturmangfaldlova § 12.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at kunnskapsgrunnlaget er til stades til å kunne endre utsleppsløyvet på lokaliteten Sagen. Endringa inneber i praksis reduserte utslepp til resipienten. Lerøy Vest AS

får løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av sjøklar reinsefisk av rognkjeks og settefisk av laks og aure med maksimalt biomasseproduksjon på 250 tonn og årleg fôrforbruk på inntil 250 tonn og utslepp av inntil 8,75 tonn totalnitrogen, 1,0 tonn totalfosfor og 8,0 tonn organisk materiale målt som TOC. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

Berekna utslepp av næringssalter og TOC føreset reinsing utsleppsvatnet med partikkelfjerning. Det er såleis sett krav om partikkelreinsing av avløp for å kunne nytte ramma for biomasseproduksjon fullt ut. Utsleppspunktet skal følgjast opp med enkel miljøgransking kvart fjerde år for å dokumentere at det ikkje skjer ei oppsamling av organisk materiale ved utsleppspunktet.

Fylkesmannen har vurdert risiko for ulemper ved tiltaket som akseptable i høve til fordelane tiltaket gir i form av arbeidsplassar og matproduksjon.

Verksemda kan bli pålagt å utføre meir omfattande overvaking, eller delta i dei undersøkingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51.

Risikoklasse

Verksemda er plassert i risikoklasse 3. Fylkesmannen har lagt storleik på produksjonen og eigenskapane til resipienten til grunn for val av risikoklasse. Han er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. Risikoklassen angir forventa ressursbruk ved tilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Han har òg innverknad på kor ofte vi vil gjennomføre tilsyn med verksemda og storleiken på gebyret ved tilsyn.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 3, jf. forureiningsforskrifta § 39-5 om arbeid med endring av løyve. Verksemda skal betale 5.600 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Erstatningsansvar

Utsleppsløyvet fritek ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

Klage

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Klima- og forureiningsdirektoratet jf. forvaltningslova. Send klagen til Hordaland fylkeskommune innan tre veker etter at anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen eller Miljødirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal gjelde før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Helsing

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Utsleppsløyvet (vedlegg 1)
Tiltak for å sikre mot viltskade (vedlegg 2)

Kopi til:

Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	Tysse
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL

Fylkesmannen i Hordaland

Løyve etter forureiningslova for landbasert settefiskproduksjon av laks, aure og reinsefisk (rognkjeks) til Lerøy Vest AS

Fylkesmannen gjev Lerøy Vest AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. og det er endra med heimel i § 18. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 10. november 2014 og opplysningar som kom fram under handsaminga av søknaden. Løyvet gjeld frå 17. november 2006 med endringar av 7. april 2015.

Dette løyvet erstattar løyvet frå 17. november 2006.

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som vart opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan fire år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Verksemdsdata

Verksemd	**Lerøy Vest AS**
Lokalitet	Sagen
Stad/gateadresse	
Postadresse	5396 Bekkjarvik
Kommune og fylke	Samnanger, Hordaland
Org.nummer (verksemd)	886 813 082
Koordinatar (Euref89/WGS84)	60° 20,875' N, 5° 38,3838' E
NACE-kode og bransje	03.222 Produksjon av yngel og settefisk i ferskvannsbasert akvakultur 03.212 Produksjon av yngel og settefisk i hav- og kystbasert akvakultur.

Referansane til Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse[1]
2015.0191.T	1242.0008.03	3

Løyve gjeve: 07.04.2015	Endringsnummer:	Sist endra:
Ingrid Torsnes senioringeniør	Tom N. Pedersen Seniorrådgjevar	

Brevet er godkjent elektronisk og derfor inga underskrift.

[1] Forureiningsforskrifta kapittel 39 om gebyr til statskassen for Fylkesmannen sitt arbeid med løyver og kontrollar etter forureiningslova

1. Rammer for verksemda

Løyvet gjeld forureining frå produksjon av settefisk av laks og aure og reisefisk av rognkjeks. Løyvet gjeld for ein årleg produksjon av inntil 250 tonn biomasse per år. Løyvet er avgrensa til eit fôrforbruk på inntil 250 tonn per år, og utslepp av inntil 8.75 tonn totalnitrogen, 1,0 tonn fosfor og 8,0 tonn organisk materiale målt som TOC per år.

Ved vesentlege endringar i drift eller utsleppstilhøve må verksemda søke om endring av løyvet, jamvel om produksjonen ligg innafor 250 tonn/år.

2. Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst miljømessig verknad, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med sakshandsaminga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan miljømessig verknad.

2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp, under dette støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnadar. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkeleg grenser for i vilkår i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengd, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som er lagt til grunn i samband med sakshandsaminga, føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørgje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan verke inn på utsleppa. System/rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert, jf. internkontrollforskrifta § 5 punkt 7 .

2.5 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, under dette om nødvendig, å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal varslast i samsvar med

punkt 10.4.

2.6 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining, og skal kunne gjere greie for risikoen for forureining.

2.7 Plikt til å redusere forureining

Verksemda skal etterleve forureiningslova sitt føre-var-prinsipp for å redusere miljøpåverknaden av drifta og forbruket av ressursar, jf. forureiningslova § 7 og naturmangfaldlova § 12 om bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Dette gjeld for alle interne produksjonsprosessar i anlegget, samt reinsing av avløp.

Verksemda pliktar som ein del av sin internkontroll å halde seg oppdatert på dokumentasjonen som finst for bransjen når det gjeld beste tilgjengelege teknologi (BAT[2]). For å unngå, eller avgrense ureining og avfallsproblem, skal de nytte den beste tilgjengelege teknologien som ut frå ei samla vurdering – også av økonomiske tilhøve, gir dei beste resultata for noverande og framtidig tilstand i miljøet. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett spesifikke grenser for.

3. Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsmengder

Det er sett utsleppsgrenser for samla årlege utslepp. Utsleppa frå setjefiskanlegget er indirekte avgrensa gjennom produksjonsramma i vilkår 1 og vilkår 3.2 om reinsing av avløpet. For dette anlegget er det gjeve løyve til utslepp av inntil 8,0 tonn organisk materiale, 8,75 tonn total nitrogen og 1,0 tonn total fosfor.

Utsleppa til vatn skal reduserast i så stor grad som teknisk og økonomisk mogleg, jf. vilkår 2.3. Reinseanlegget sin effekt skal målast i høve til oppnådd reduksjon av organisk stoff og partiklar, jf. tabell 2 i vilkår 3.2.3.

Det skal utførast jamlege målingar for / og utrekningar av utsleppa til vatn. Prøvetaking og analysar skal gjennomførast i samsvar med krav i vilkår 11.

3.2 Utsleppsreduserande tiltak

Kravet om reinsing trer i kraft når utslepp av nitrogen, fosfor eller TOC overstig rammene for løyvet innafor produksjonsramma på 250 tonn. Reinsekravet inneber at avløpsvatnet reinsast gjennom reinseanlegg som oppfyller reinsekrava i tabell 2 under, midla over den samla

[2] Rapport frå Nordisk Ministerråd, TemaNord 2013:529, BAT for fiskeopdræt i Norden, www.norden.org/no/publikasjoner/publikasjoner/2013-529

årsproduksjonen av avfallsstoff. Kravet om reinsing skal vere oppfylt ***innan utvida produksjonsramme vert tatt i bruk***.

Tabell 2:

Utsleppskomponent	Måleparameter	Reinsekrav	Midlingstid	Målefrekvens
Suspendert stoff	SS[3] (partiklar >0,45 µm)	minst 70 % reduksjon	1 år	Døgnblandeprøve, minst 12 gonger per år
Organisk stoff	valfritt målt som KOF[4], BOF5[5] eller TOC[6]	minst 60 % reduksjon	1 år	Døgnblandeprøve, minst 4 gonger per år

Mengd avløpsvatn som vert sleppt til sjø skal målast/utreknast.

3.3 Utsleppstad for prosessavløp

Avløpsvatnet skal førast til resipienten i Samnangerfjorden på ei djupne og på ein slik måte at innblanding i vassmassane vert best mogleg.

3.4 Overflatevatn

Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje medfører skade eller ulempe for miljøet.

3.5 Mudring

Dersom det som følgje av drifta til verksemda skulle vise seg å vere nødvendig med mudring, skal verksemda innhente nødvendig løyve frå forureiningsstyresmakta. Slik mudring må verksemda koste sjølv.

4. Utslepp til luft

Diffuse utslepp frå produksjonsprosessar, uteareal, lagerområde, område for lossing/lasting, reinseanlegg og anlegg for behandling av slam, som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast så langt som mogleg. Fôrlagring, spyling, reingjering og tørking av utstyr, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulemper utanfor verksemda sitt område.

5. Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreiing, og om

[3] Suspendert stoff, den partikulære delen av avløpsvatn, definert som alle partiklar som vert halde tilbake på 0,45 µm filter. (Motsats: løyst stoff.)
[4] Kjemisk oksygenforbruk, mål på mengd organisk stoff i avløp.
[5] Biologisk oksygenforbruk ved nedbryting i fem døgn, mål på mengd organisk stoff i avløp.
[6] Totalt organisk karbon, mål på mengd organisk stoff i avløp.

det er trong for granskingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk granskingar eller andre tiltak, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina grunn eller forureina sediment, må ha løyve etter forureiningslova, ev. godkjenning frå kommunen[7] eller Fylkesmannen[8].

6. Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal, til dømes groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel for å hindre brann.

For kjemikal som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.[9]

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillas og seljast, eller bli brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket[10] og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

7. Støy

Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager for omgivnaden. Jamvel om verksemda held seg innafor grenseverdiane for støy, har ein likevel plikt til å redusere støy mest mogleg med hjelp av best tilgjengeleg teknologi. Dette kan mellom anna omfatte skjerming av vifter eller omplassering / innebygging av særleg støyande maskinar. Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid, dvs. måndag til fredag kl. 7-16.

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar skal ikkje bryte følgjande grenser, målt eller rekna ut som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar	**Laurdagar**	**Søn- og helgedagar**	**Kveld (kl. 19–23), kvardagar**	**Natt (kl. 23–07), alle døgn**	**Natt (kl. 23–07), alle døgn**
55 L_{den}	50 L_{den}	45 L_{den}	50 $L_{evening}$	45 L_{night}	60 L_{AFmax}

L_{den} er A-vege ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

[7] Forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeid
[8] Forureiningsforskrifta kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag
[9] Produktkontrollova § 3a
[10] Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og avgrensing av kjemikal (REACH)

$L_{evening}$ er A-vege ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19-23 –

L_{night} er A-vege ekvivalent støynivå for nattperioden 23–07.

L_{AFmax} er A-vege maksimalnivå for dei 5–10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målte/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda si ordinære verksemd, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

8. Energi

Verksemda skal ha eit system for energileiing i verksemda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå mest mogleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. punkt 2.6 og følgje prinsippa og metodane gitt i norsk standard for energileiing.

Systemet skal vere etablert innan 1.januar 2017.

9. Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnadar eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemda. Særleg skal verksemda prøve å avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, under dette farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, under dette avfallsforskrifta[11].

Avfall som oppstår i verksemda, skal verksemda prøve å bruke på nytt i produksjonen sin eller i andre sin produksjon, eller – for brennbart avfall – prøve å utnytte det til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av forureiningslova og krav fastsett i dette løyvet.

Brenning av avfall er ikkje tillate. Avfall skal mellomlagrast på forsvarleg måte, og leverast til godkjent avfallsmottak. Mellomlagring av avfall før henting skal skje på eige område. Avfallet skal vere sikra slik at det ikkje kjem på avvege eller fører til forureining av grunn, luft eller vatn. Verksemda må kunne dokumentere levert avfallsmengde delt på ulike typar.

9.2 Handtering av farleg avfall

Lagring av farleg avfall skal skje under tak og lageret skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkommande. Motteke farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn 12 månader.

Flytande farleg avfall skal vere sikra mot søl og lekkasje med oppsamlingskar/ kantar. Anna lagring av farleg avfall skal skje på tett dekke. Farleg avfall skal ikkje blandast med ordinært avfall, og dei ulike avfallsfraksjonane må vere tydeleg merkt. Verksemda må kunne dokumentere i form av deklarasjonsskjema at farleg avfall vert levert til godkjent mottak.

[11] Forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall

9.3 Organisk produksjonsavfall

Produksjonsavfall i form av død fisk, fôrrestar, slam, feitt med vidare skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for forureining. Nedgraving eller dumping av slikt avfall i sjøen eller på land er ikkje tillate.

Verksemda sitt produksjonsavfall skal handterast slik at det i størst mogleg grad kan utnyttast som ein ressurs:

- Oppsamla død fisk skal konserverast omgåande ved ensilering, frysing, eller liknande og førast til eige lager før levering til godkjent mottakar. Ved ensilering skal fisken kvernast. Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere massiv fiskedød.
- Oppsamla slam frå reinsing av produksjonsvatn og avløp skal så langt mogeleg utnyttast til gjødsel/jordforbetringsmiddel eller energiføremål. Verksemda må ha ein plan for handtering av slammet i tråd med gjeldande regelverk[12] på dette området. Transport til godkjent anlegg for mottak/bruk skal skje på ein slik måte at det oppstår minst mogeleg ulempe, lukt med vidare.

Død fisk og anna produksjonsavfall/slam som eventuelt inneheld restar av medisinfôr, antibiotika, insekticid eller andre miljøfarlege stoff skal handterast slik at anna oppsamla produksjonsavfall som skal utnyttast som ressurs ikkje vert ureina. Dette må lagrast i eige lager med tilstrekkeleg kapasitet.

10. Tiltak for førebyggjande og beredskap mot akutt ureining

10.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si. Verksemda skal vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på område til verksemda eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

10.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

10.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal

[12] Forskrift om transport og behandling av animalsk avfall, og anlegg som behandler animalsk avfall
, Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav
og anna relevant regelverk

vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer. Verksemda skal øve på beredskapen mot akutt forureining minimum ein gong per år.

Beredskapen skal dokumenterast i ein beredskapsplan.

Beredskapsplanen skal som et minimum innehalde:
- etterprøvbare mål
- definerte fare- og ulykkessituasjonar (uhellsscenarier)
- rutinar for tiltak dersom fare- og ulykkessituasjonar inntrer
- dimensjonering av personell og deira kompetanse, personleg verneutstyr, innsatsmateriell og responstid
- skildring av beredskapssamarbeid med eksterne partar
- skildring av øvingsopplegg

Verksemda skal øve på beredskapen mot akutt forureining minimum ein gong per år. Øvinga skal leggjast opp etter dei fastsette måla for beredskapen.

10.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift[13]. Verksemda skal også så snart som mogleg varsle Fylkesmannen gjennom fmhopostmottak@fylkesmannen.no i slike tilfelle.

Fylkesmannen føreset at verksemda kan leggje fram meir utfyllande dokumentasjon, til dømes ved tilsyn, om verksemda sine aktivitetar knytt til miljørisikoanalysen, dei førebyggjande tiltaka og beredskapen.

11. Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen

11.1 Utsleppskontroll

Verksemda skal gjennomføre målingar av utslepp til luft, vatn og støy i omgjevnadane. Målingar omfattar volumstraumsmåling, prøvetaking, analyse og utrekning.

Målingar skal utførast slik at dei blir representative for verksemda sine faktiske utslepp og skal som minimum omfatte

- komponentar som er uttrykkeleg regulert gjennom grenseverdiar i løyvet eller forskrifter
- andre komponentar som er omfatta av rapporteringsplikta i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar til verksemda sin eigenrapportering. Rettleiaren er lagt ut på www.miljodirektoratet.no.

11.2 Måleprogram

Verksemda skal ha eit måleprogram som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll.

Når verksemda utarbeider måleprogrammet, skal de:

- Velje prøvetakingsfrekvensar som gjev representative prøver

[13] Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

- Vurdere usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i målingane (volumstraumsmåling – prøvetaking – analyse – utrekning) og velje løysingar som reduserer den totale utsikkerheita til eit akseptabelt nivå.

Måleprogrammet skal skildre dei ulike trinna i målingane og grunngje valde metodar. Valt frekvens for tredjepartskontroll og for deltaking i ringstestar skal også gå fram av måleprogrammet. Det skal gå fram av måleprogrammet kva for usikkerheitsbidrag dei ulike trinna gjev.

11.3 Kvalitetssikring

Verksemda er ansvarleg for at metodane og utføring av dei er forsvarleg kvalitetssikra mellom anna ved å

- utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal eller utanlandsk standard nyttast. Fylkesmannen kan vidare godta at annan metode brukast dersom særlege omsyn tilseier det.
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteyter skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta

I tilfelle verksemda sjølv tek ut prøver og sender dei til akkreditert laboratorium, skal dette på førehand vere avklart skriftleg med laboratoriet, og verksemda skal ha fått naudsynt opplæring i uttak og vidare handtering av prøvane.

12. Overvaking av resipient og rapportering til Fylkesmannen

12.1 Krav til miljøtilstand

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at vedtekne miljømål for vassførekomsten ikkje let seg gjere å oppnå, eller at miljøtilstanden vert redusert, jf. vassforskrifta[14] og tilhøyrande klassifiseringsrettleiar[15] for miljøtilstand.

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at gravande dyr ikkje kan eksistere ved eller i nærsona til utsleppsstaden for avløpsvatnet. I sedimenteringsområdet skal tilstandsklassa over tid ikkje vere dårlegare enn klasse II når det gjeld djupvatn, blautbotnfauna og sediment, og skal ikkje ha ei negativ utvikling.

Overflatevatnet i influensområde skal om sommaren ikkje vere dårlegare enn naturtilstandsklassa for området.

Strandsona nær anlegget skal ikkje vere synleg påverka av utslepp eller anna ureining frå anlegget.

12.2 Krav til overvaking

Verksemda skal syte for overvaking av effektar av utsleppa til sjø etter eit risikobasert overvakingsprogram. Miljøovervakinga skal i størst mogleg grad skje i samsvar med nasjonale standardar, føringar i vassforskrifta og rettleiaren for klassifisering av miljøtilstanden i vatn.

[14] Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vannforskriften) av 15.12.2006, nr 1446

[15] Direktoratsgruppa Vanndirektivet 2013, Veileder 02:2013 Klassifisering av miljøtilstand i vann

Prøvetaking, analysar og fagleg vurdering skal gjennomførast av kvalifiserte og uavhengige organ, desse bør også så langt mogleg vere akkreditert for oppgåva.

Minstekrav for miljøgranskingar og overvakingsprogram er:

- Tilstanden i resipienten må kartleggjast og klassifiserast *minst* kvart 5. år. Førstkomande overvakingsrunde skal gjennomførast seinast innan dato.
- Miljøovervakinga skal omfatte anlegget sitt nærområde (strandsona og ved utsleppspunkt i sjø), overflatevatnet i influensområde, djupvatn, blautbotnfauna og sediment i sedimenteringsområde. Granskingane bør inkludere hydrografiske målingar og ei enkel strandsonesynfaring.
- Miljøgranskingar av botnsediment/botnfauna skal tilfredsstille krav sett i norsk standard NS-EN ISO 16665:2006 *Vannundersøkelse Retningslinjer for kvantitativ prøvetaking av marin bløtbunnsfauna* og NS-EN ISO 5667-19:2004 *Vannundersøkelse Prøvetaking Del 19: Veiledning i sedimentprøvetaking i marine områder,* eller nyare utgåver.
- Miljøgranskingar skal ha prøvepunkt som viser påverknad i ein gradient med aukande avstand til utsleppspunkta.

Rapportar frå miljøgranskingar skal i grafisk og/eller tabellarisk form vise utvikling sidan siste gransking og i høve til tidlegare granskingar.

Verksemda kan etter særskild vedtak bli pålagt å gjennomføre meir omfattande granskingar eller overvaking, dersom Fylkesmannen finn dette naudsynt for å kartlegge anlegget sin forureiningseffekt på resipienten, jf. forureiningslova § 51. Verksemda kan også eventuelt bli pålagt å betale for ein høveleg del av kostnadene ved ei felles resipientgransking (enkeltståande eller vedvarande program) i lag med andre verksemder med utslepp i området.

12.3 Rapportering til Fylkesmannen

Resultat av overvaking av miljøtilstanden i resipienten skal rapporterast elektronisk til Fylkesmannen så snart som mogleg etter at miljøgranskingar er utført.

Data som blir skaffa ved overvaking i vatn, inklusiv sediment og biota, skal registrerast i databasen *Vannmiljø*. Data skal leverast på *Vannmiljø* sitt importformat, som er å finne på http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no. Her finst også oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med Vannmiljø sitt kodeverk.]

13 Utskifting av utstyr

Viss verksemda skal gjere utskifting av utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke forureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gjeve, skal Fylkesmannen på førehand få melding om dette.

Ved all utskifting av utstyr skal verksemda nytte dei beste tilgjengelege teknikkane for å motverke forureining.

14 Eigarskifte

Viss verksemda blir overdratt til ny eigar, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

15 Nedlegging

Viss eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimelig tid på førehand gje melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Fylkesmannen kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift. [16] Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal verksemda rapportere til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalrestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørgje for at driftsstaden blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Viss verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

16 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

[16] Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.
Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet eller dei er så små at utsleppet av desse ikkje har noko å seie for miljøet.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar:	**Vanlege forkortingar**
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2.2`,6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar	
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksin og furaner	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C_{10} - C_{13} (kloralkaner C_{10} - C_{13})	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C_{14} - C_{17} (kloralkaner C_{14} - C_{17})	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Alkylfenolar og alkylfenoletoksylater:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilater	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilater	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	
2,4,6 tri-tert-butylfenol	

Polyfluorerte organiske sambindingar (PFCs)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer	
Perfluoroktansyre	PFOA

C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA
Tinnorganiske sambindingar:	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT
Polysykliske aromatiske hydrokarbon	PAH
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Bisfenol A	BPA
Siloksan	
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Vedlegg 2

Tiltak for å sikre mot viltskade

Naturmangfaldlova og viltlova set krav om at vi skal ta vare på viltet og leveområda deira for å sikre produktiviteten og rikdomen av artar i naturen.

Erfaringar frå akvakulturanlegg viser at dei kan føre til konfliktar med ville dyr og fuglar. Alle typar oppdrettsanlegg, også skjelanlegg, kan lokke til seg vilt.

Innehavar av akvakulturanlegget bør av eiga interesse førebyggje viltskade. Dersom det oppstår viltskade skal innehavaren av akvakulturanlegget straks ta kontakt med viltansvarleg i kommunen for å setje i verk tiltak.

For å unngå skade på vilt kan Fylkesmannen krevje at innehavaren av akvakulturanlegget monterer flytelense med sperregarn og viltsikker port dersom anlegget ligg ved land.

Innehavaren av anlegget kan søkje om skadefelling først om det oppstår viltskade av vesentleg økonomisk omfang, og tiltak for å førebyggje viltskade ikkje nyttar.